



SKOLEBARNAS
TRAFIKKALENDER

**TIPSHEFTE TIL
LÆRAREN**

Skoleåret 2023/2024





Tillate 3 kopiere!



TIL LÆRAREN

Også dette skoleåret vil vi i Skolebarnas Trafikkalender tilby alle elevane i 1.- 4.klasse ein spanande kalender. Ein til kvar! Kalenderen har fargerike teikningar, litt trafikkinfo, nyttige telefonnummer og tilbod om å jobbe med oppgåver for innsending og premiering!

Vi har igjen laga eit «Tipshefte til læraren». Vi trur du som lærar, kan ha god nytte av det i trafikkopplæringa, som i planverket har ein beskjeden, men svært viktig plass! Nytt tipsheftet etter behov. Du kan plukke idear, kopiere det som høver, og la elevane løyse oppgåver, som de gjerne må sende inn til oss! Sparkesykkel og også elsparkesykkel har hatt mykje fokus dei siste åra. Vi minner om dei reglane

som kom i 2022 om aldersgrense, forsikringar, om ferdsel i trafikken og utsyr som er påkravd når ein nyttar elsparkesykkel.

Dessverre har talet på trafikkulykker, også med dødeleg utgang, auka betydeleg i 2022. Det forventast at skolene skal ha ei aktiv rolle i å forsøke å avgrense antall ulykker med barn involvert. Ein forventning om trafikkopplæring - som føyer seg inn i ei lang rekkje av forventningar til skolen!

Takk for svært mange teikningar/ oppgåver de har sendt inn! Dette set vi pris på - og det inspirerer oss! Hugs at det er mogleg å vinne fine og nyttige premiar!

Lykke til med skoleåret 2023/2024!

Knut Søyland

Vinnar av sykkel!



Vinnar av sommaroppgåve 2022
Alma 1. trinn (Ålesund)

Vinnar av klassesett med hjelmar!



Vinnar av sommaroppgåve 2022
Røkland skole (Saltdal)

Knut Søyland er til dagleg rektor ved Sandefjord folkehøyskole. Han står også bak firmaet Tekst og Musikkservice og er tekstkonsulent for Skolebarnas Trafikkalender. Som språkleg rettesnor er nytta Hellevik, Rauset og Søyland: Nynorsk ordliste, 11. utgåva, Samlaget 2012.



INFORMASJON

Postadresse:

Skolebarnas Trafikkalender
Postboks 1311, Trudvang
3105, Tønsberg

Kontakt oss:

Telefon: 947 97 079
E-post: post@trafikkalenderen.no
Heimeside: trafikkalenderen.no

Datoar for innsendingsoppgåver på kalenderen og i tipsheftet:

Sommar:

17. september 2023

Vinter:

11. februar 2024

Høst:

22. oktober 2023

Vår:

18. mars 2024

Hugs, klasse, namn og adresse til skolen!

Vinnarar 2022:

Sykkelpremie:

Alma 1. trinn (Ålesund)

Sykkelpremie:

Ole 2. trinn (Bø i Telemark)

Klassesett med hjelmar:

Røkland skole

Klassesett med hjelmar:

Glåmos skole

Refleksbelter og brikker til hele klassen:

Ådland skole

Refleksbelter og brikker til hele klassen:

Lundamo skole

Gi oss melding om du vil ha fleire tipshefte eller kalendrar!





Tillate å kopiere!



SYKKELHJELM ER BEST



(Læraren les)

Bike og Velo er på sykkeltur i dag. Du kan sjå bilde av dei i kalenderen din! Dei to er veldig gode vennar. Det har dei vore kjempelenge, nesten så lenge dei kan hugse. Dei pratar om alt mogleg. I dag er dei opptekne av at dei ser nokon som ikkje nyttar hjelm, når dei sykklar.

- Se på han mannen der da! Han sykklar kjempefort, men utan hjelm, seier Bike.

- Kanskje han tykkjer at han er tøff sånn, svarar Velo.

- Men om han er uheldig da, veltar eller kræsjar eller noko sånn, da er det dumt at han ikkje har hjelm på som dekker hovudet, meiner Bike.

- Sykkelhjelmer er best, ropar Velo. Det er dei to bestevennane samde om. Men heldigvis ser dei at dei aller fleste sykklister har hjelm på!

- Den hjelmen der var spesiell, seier Velo og peiker på ei jente dei sykklar forbi.

- Hei du, ropar Bike til jenta, etter dei har stoppa. Så fin hjelm du har!

- Takk, svarar jenta, som dei ikkje kjenner. Eg fekk den av onkelen min, som eg er på besøk hos. Hjelmen blei ferdig i dag. Onkel har mala hjelmen saman med meg. Eg var med å bestemme korleis han skulle sjå ut! Bike og Velo var heilt samde i at hun var heldig. Tenk å ha ein hjelm som ingen andre har!

- Kanskje vi skal sykle heim og teikne ein fin hjelm? Ein hjelm kvar altså, seier Bike.


- Kanskje vi veit av nokon, som kan hjelpe oss å lage hjelmane våre, som vi har teikna, foreslår Velo. Dei vinkar til jenta, og nå får dei to fart på seg, sjølv sagt med hjelmane på. På veg heim seier dei i kor:

Sykkelhjelmer er best!




SOMMEROPPGÅVER

- 1 La elevane kommentere eller reflektere rundt forteljinga om Bike og Velo som du har lese for dei på side 4.
- 2 La elevane teikne favoritt hjelmen sin eller fargeleggje ein kopi av hjelmen læraren har i tipsheftet side 6! Vi i Skolebarnas Trafikkalender tar gjerne i mot teikningar!
- 3 Ta kopi av sida «Finn 7 feil» side 7. La elevane krysse av eller ringe inn på den nedste teikninga der det er skilnad/feil i forhold til den øvste teikninga. Send gjerne inn løysinga til oss!
- 4 Invitere politiet til ein vitjing! Be dei snakke om kva for utstyr sykkelen må ha, og noko om viktigheiten å nytte av sykkelhjel.
- 5 La elevane telje opp kor mange som nyttar sykkelhjel. Teljinga kan gjerast heime eller ved skolen. Etterpå kan klassen lage ei grafisk framstilling eller eit diagram for å vise resultatata.
- 6 Øv på å gå skolevegen - spesielt for 1.klassingane. Ha fokus på kva for side av vegen er det best vi går på, korleis vi kryssar vegen, med eller utan fotgjengarfelt.
- 7 Lag en adjektivforteljing - ei forteljing om å nytte sykkel og sykkelhjel. La elevane foreslå adjektiv. Læreren skriv dei inn (minst eitt frå kvar elev) og les til slutt opp ei spenstig forteljing. Nytt gjerne elevanes egne namn i forteljinga!
- 8 Fortelj om Frøken Fartsgal og korleis ho «grisekøyrer»! Peik på ho på kalendaren! La elevane skrive brev, eit postkort eller ein e-post til Frøken Fartsgal, der de ber henne køyre forsiktig. Du kan vere sekretær, om elevane ikkje vil/kan skrive sjølv!






Tillate å kopiere!



Tipshefte til læreren



FINN 7 FEIL





Tillate å kopiere!

REFLEKS ER TRYGT

(Læraren les)

Hei, elevlar!

Det er Morris Minor som skriv til alle saman. Sjølv om eg har vorte ganske gammal, tykkjer eg at eg har noko viktig å seie til de som er barn! Det er to ting: Æsj - nå gløymde eg litt kva det var eg skulle seie Men - har de sett bilde av meg i Skolebarnas Trafikkalender, kalendarenen de har

fått alle saman!? På bildet er eg ute på vegen saman med Per. Vi testar refleksar! Det er spanande!

Ser de kor fint refleksane lyser, de som Per har

på sykkelen og seg sjølv? Det gjør det skikkeleg mykje lettare for meg som bil å sjå Per på vegen!


Ja, akkurat! Nå kom eg på kva det var eg skulle seie - som var viktig: Hugs at de må nytte refleks når det er mørkt om de går eller sykklar eller leikar der det er bilar som køyrer! Det gjer det mykje tryggare for alle som er ute i trafikken! Å sjå og bli sett!

Det var det eine eg ville seie. Det andre er Æsj - nå gløymde eg det igjen. Det er litt fort gjort å gløyme noko for ein gamal bil, men det er viktig at vi hjelper kvarandre å hugse på å nytte refleks! Fint hvis du tør å seie i frå til barn eller vaksne som de ser ikkje har refleks på når det mørkt!

Nå hugsar eg kva det andre var eg skulle seie: De må hugse på ikkje å gløyme refleks, men hugse på å nytte refleks, sjølv om det kan vere lett å gløyme å nytte refleks! Eller noko sånn.....!

Eg trur det var alt eg skulle hugse på å seie denne gongen!

Ha det fint da!



Tipshäfte til læraren



HAUSTOPPGÅVER

- 1 Syng Reflekssangen på side 10. Du finn låta på heimesidene våre – syng med!
- 2 La elevane komme med spontane fråsegn om forteljinga du har lese om Morris Minor - og tankane hans!
- 3 Snakk med elevane om det å nytte refleks, gjerne ut frå bildet i kalendaren med Per og Morris Minor.
- 4 Ta kopi av side 15 i tipsheftet. La elevane fargeleggje teikninga! Send gjerne teikninga inn til Skolebarnas Trafikkalender!
- 5 Arranger ein reflekskveld (når det er mørkt) på skolen, gjerne i samarbeid med føresette. Temaet kan vere å sjekke ut refleksar og på kvar for vis dei verker. Sjekk gjerne ut korleis slitte/ utvaska refleksar misser effekt. La elevane få erfaringar ved å sitte på i ein bil å sjå korleis det lyser når billyset treff refleksane!
- 6 Ta kopi av side 11 i tipsheftet. La elevane skrive setningar eller ord under bildet - om det å nytte refleks. Hjelp dei gjerne å skrive! Spanande om de sender inn resultatata til oss!
- 7 Gje elevane i oppgåve å sjekke om alle i husstanden har refleks - og om dei nyttar han!





Tillate å kopiere!



REFLEKSSANGEN

T/M: Gordon Larssen/Knut Søyland



Nå har det blitt mørkt, det er tåke og regn kjører med lysene på.
Jeg kjenner hver sving, hvert skilt og hvert hus, hører på vindens sus. Men



plutselig ser jeg, et lys skinne opp, bremses litt ned, og ser ut. Det



er jo litt morsomt at lyset fra meg sendes tilbake fra deg.

Jeg føler meg trygg, dette greier vi fint,
 blinker og kjører forbi.
Refl eksen din skinner, den roper et hei,
 vi er på samme vei.
Jeg kikker i speilet, og prøver å se
 et ansikt jeg har sett før
Men det er for mørkt, du forsvinner bak meg,
 Kanskje jeg kjenner deg?

(Instrumental)

Nå har jeg parkert, jeg skal legge meg snart
 lurer på hvem du var...
 Det hadde vært ålreit å kunne få si;
 Det var jeg som kjørte forbi.
Hva gjør vel nå det, om veien er mørk,
 når vi bruker lys og refleks?
Det er jo litt morsomt, at lyset fra meg,
 sendes tilbake fra deg.




SKRIV HER





Tillate å kopiere!

Å GÅ ER FINT



(Læraren les)

Per og Mille er ute i det fine veret. Det er vinter og ganske kaldt.

-Vi må passe på å gå heilt i kanten av vegen, seier Mille.

-Det er best, for det er jo ein del trafikk akkurat her, svarar Per.

Det er søndag. Dei to har avtalt å møte Bike og Velo, som er dei beste vennane i heile verden!

Der Velo bor, er det ein kjempefin akebakke på ein leikeplass. Og nå har det kome ganske mykje snø for ein gong skuld. Dei gler seg!

Plutseleg høyrer dei ein høg brummande lyd av ein bil som kjem i mot dei! Og så får dei sjå ein raud bil, som køyrer skikkeleg fort.

-Pass på, det er Frøken Fartsgal! ropar Per.

-Vi må stogge og stå heilt inn til brøytekanten, held Mille fram.

Frøken Fartsgal tutar mange gonger, medan ho svingar ut i midten av vegen. Da ho gjer det, får ho sleng på bilen, og ho køyrer rett ut av vegen på andre sida

av der Per og Mille står – og ho havnar langt ut i snøen.

Vennane våre går over vegen og ser at det heldigvis har gått bra med Frøken Fartsgal! Fleire andre bilar stoppar opp, og ein av sjåførane ringer etter ein redningsbil, som kan hjelpe den rauden bilen opp på vegen att.

Redningsbilen kjem etter berre eit par minutt.

-De to kan ikkje gå på vegen her, gaular Frøken Fartsgal til Per og Mille, for vegen er eigentleg berre for bilar!

-Vi har lov å gå her, og vi gjekk på rette sida av vegen og heilt ute i kanten, svarar Mille.

-Det skal vi spørje politiet om, så skal de nok få vite at eg veit dette best, bjeffar Frøken Fartsgal.

Akkurat då kjem Lens Politi. Han ser at ingen er skada og seier:

-Det er godt at dette trass alt gjekk så bra! Men nå skal de høyre alle saman:




VINTEROPPGÅVER

- 1 Les forteljinga side 12. Avslutt forteljinga med å ha ein forteljarstafett, som skrivast på smartboard/tavla. Læraren er sekretær.
- 2 Send inn til oss i Skolebarnas Trafikkalender: Kva er det Verna og Tryggleif hjelper oss med? (sjå i kalendaren). Gje gjerne elevane god hjelp!
- 3 Snakk om skolevegen! Det kan være glatt, snø, brøytekantar. Minn om varsemd og å sjå seg føre!
- 4 Lær elevane om høgre og venstre. Tren på forskjellen på høgre og venstre ved å nytte oppgåver som til dømes «Kongen befaler». Deretter kan de snakke om kva for side av vegen vi vanlegvis går/syklar på.
- 5 Tren på å krysse vegen når de er ute, trening både med og utan fotgjengarfelt.
- 6 Ha fokus på miljø og helse: Snakk med føresette om at elevar som bur nær skolen, kan gå til skolen - ikkje køyrd med bil! Snakk med elevane om kor fint det er å gå saman. Elevar som køyrast til skolen, kan gjerne settast av litt før dei er heilt ved skolen - «å gå resten».
- 7 Strekteikning på side 14: Kopier sida og del ut til elevane. La dei teikne strekar mellom tala. Kanskje god hjelp for nokre å nytte linjal? Legg gjerne farge på teikninga! Teikningane kan sendast inn til oss!






Tillate å kopiere!





REFLEKSVEST





Tillate å kopiere!

SPARKESYKKEL ER KULT

(Læraren les)

Dei fire vennane Bike, Velo, Mille og Per er saman i skolegarden. Det er ettermiddag og skolen er slutt.

-Så herleg med sol og varme, det er nesten som om sommaren, sjølv om det berre er våren, smiler Bike.

-Endeleg kan vi nytte sparkesyklane igjen, seier ein fornøgd Velo.

Vennane har ordna til i skolegarden, med ein runde de sykklar. Der er det laga mange svingar rundt nokre kjeugar, det

er eit lite hopp ned frå ein kant, ei lang, rett strekke dei kan sykle fort på, det er opp og ned over ein haug i ein ende av skolegarden og til slutt ein strek dei

skal stoppe ved med forhjulet - det nærmaste dei kan.

-Kven kan sykle heile runden fortast? Eg kan ta tida først, melder Per frå om.

-Hallo de pysar med hjelm og utstyr på! Eg skal vinne lett, ropar ein annan elev som akkurat kom inn i skolegarden.

Vennane våre ble først heilt tause, men så seier Mille:

-Vi er ikkje pysar som nyttar hjelm

- det er berre lurt. Og ein ting til:

Du har ikkje lov å sykle på vegen og hit på elsparkesykke! Du er berre 8 år gammal, tross alt!

-Det bryr eg meg ikkje om! Eg gjer som eg vil! Ta tida da Per, ropar eleven på elsparkesykkelen.

Dei fire vennane våre vert heilt stille og ser på kvarandre.

-Kva gjer vi nå, spør Bike med låg stemme.....






VÅROPPGÅVER

- 1 Snakk med elevane om ei avslutning på forteljinga på side 16. Kanskje klassen kan bli samde om ein eller to setningar
- 2 La elevane skrive namn på eller teikne det utstyret dei meiner er viktig å nytte når dei køyrer sparkesykkel. Klassen/gruppa tenkjer saman og det skrivast opp på tavla /smartboarden.
- 3 Fargeleggj kopi av side 18 med Bike og Mille. Send gjerne inn teikningane til Skolebarnas Trafikkalender!
- 4 Minn elevane om reglane for kven som kan nytte elsparkesykkel. Sjekk: «Regler for kjøring med elsparkesykkel» som du finn på heimesidene til Statens Vegvesen.
- 5 Ta kopi av rebusen side 19. La elevane fylle ut. Skriv rebusordet (loddrett). Send gjerne svaret inn til oss!
- 6 Lag ei løype i skolegarden som elevane kan trene på ulike situasjonar: Sving, stopp, smal veg og brei veg osv. Elevane kan nytte sparkesykkel, rulleskøyter, sykkel og brett.
- 7 Snakk med elevane om trygge stader å leike, nytte rulleskøyter og brett, eller sykle.









Tillate 8 kopiere!






REBUS



1				
2				
3				
4				
5				
6				
7				
8				
9				
10				
11				
12				

Skriv rebusord:

SKOLEBARNAS TRAFIKKALENDER



SKOLE



KORS
PÅ HALSEN



VIKTIGE NUMMER:



116 111
ALARMTELEFONEN
for barn og unge